

FISKEREGLAR AUREELVA– 2021.

1. Aureelva er open for fiske i perioden 01.06. – 31.08.2021. Styret kan likevel endre fiskereglane undervegs i sesongen viss behov for dette melder seg, herunder opningstidene.

2. Eit fiskekort gjeld i ein tidsperiode på 6 timar:

1. tidsperiode: kl. 05.00 - 11.00

2. tidsperiode: kl. 11.00 - 17.00

3. tidsperiode: kl. 17.00 - 23.00

Elva er freda i seks timar frå kl. 23.00 til 05.00.

3. Alle som fiskar skal ha fiskekortet tilgjengeleg på mobil eller papir.

Ein må pårekne at kortkontroll også skjer i etterkant av fisket, opp mot selde kort.

4. Det skal vere bevegeleg fiske med inntil 30 minutt på ein fiskeplass, ved kø.

5. Det er maksimalt tillate å fiske **2 pjakkar / laksar pr. tidsperiode.**

Dagskvote: 2 fiskar. Årskvote 10 fiskar.. All sjøaure skal setjast ut igjen. Sjøaure er totalfreda.

6. Heile elva er ei sone. Det vert selt maksimum 10 kort pr. tidsperiode + 3 ungdomskort. Frå Aure gamle bru og til sjøen, berre flugefiske. Korta kostar kr 200.- uten depositum. Ungdomskort under 18 år, kr 50.-Skjellprøve skal leverast inn dersom fiskaren har fått fisk. Fiskarane finn dette i postkasser langs elva. Fiskekort blir berre selde på www.inatur.no

7. Innehavarar av fiskerettskort kan ikkje leige, eller låne dette bort til andre enn den heilt nære slekt, som er rett opp og rett nedadstigende slekt inkl ektefelle/samboer, samt søsken til grunneigar. Felleseige må utnemne ein person som skal disponere retten. Alle fiskerettshavarar skal levere fangstrapport (+ evt. skjellprøve) til ein styremedlem i laget, seinast 14 dagar etter at fisket i elva er slutt.

8. Det er forbode å fiske i Storhølen jmf i § 15 i Lakselova.

Forbodssona er skilta med skilt frå Statens naturoppsyn.

Brot på denne regelen (punkt 8) medfører bortvisning i frå elva i 1 (eit) år.

9. Kvar fiskar pliktar å løyse fiskeravgift til staten.

10. Den som brukar elva er forplikta til å ta hensyn til miljøet. Unødig ferdsel på dyrka mark, skade på gjerde og opning av grunder må ikkje skje. Eventuelt avfall skal takast med, eller leggast på tilvist plass.

11. Utanom desse reglane har elveigarlaget rett til å fange stamfisk til bruk i klekkeriet etter løyver gitt av offentlege myndigheiter.

Vi viser ellers til Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v.